

Vedtekter for Kviteseid kommune sitt næringsfond.

Vedtekne i kommunestyret den 08.09 2004.

Godkjent av fylkesmannen den y.y.2004.

§1. Kapital, inntekter, avkastning.

Fondet har ein grunnkapital på 3 990 000 kr. Grunnkapitalen har bakgrunn i innbetaling frå fornying av regulering av Vråvatn, Nisser og Fyresvatn gjeve ved Kongeleg resolusjon i 1992.

Fondet har fylgjande inntekter:

- Avkastning av grunnkapitalen.
- Dei konsesjonsavgiftene som årleg tilfell Kviteseid kommune.
- Inntekter frå sal av konsesjonskraft.

§ 2 Formål.

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Fondet kan og nyttast til næringsretta kommunale tiltak.

Prosjekt som bidreg til sysselsetting for kvinner og ungdom bør ha høg prioritet.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til løpande drift av bedrifter og kommunen. Det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemd som mottar betydelige overføringar over statsbudsjettet.

§ 3 Støtnadsformer.

Fondet kan gje:

- tilskot
- lån eller betinga lån.
- garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiformål etter kommunelova sin § 51 med forskrifter.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det blir teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i bedriften. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerar i samarbeid med private interessenter.

§ 4 Tilhøvet til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 5 Støttevilkår.

Samla finansiering frå fondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehov for eit prosjekt. Ved prosjekt av særlig betydning for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det bli gjeve inntil 75 % finansiering.

Støtta (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal være avgrensa til reglane om bagatellmessig støtte:

- Bagatellmessig støtte kan gjevast til alle bedrifter uavhengig av storleiken.
- Det kan gjevast bagatellmessig støtte til alle typer kostnader og næringar, unntatt støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.
- Maksimal bagatellmessig støtte må liggje innafor ei samla grense på 100 000 ECU til same bedrift i en tre-års periode. Bedriften som mottek slik støtte pliktar å opplyse om bagatellmessig støtte bedriften har mottatt i dei siste tre år.

§ 6 Forvaltning av fondet.

Kommunestyret oppnemner fondsstyre. Fondsstyret har høve til å delegere avgjerdsle til administrasjonen innanfor nærmare gitte fullmaktsgrenser.

Fondets sine inntekter blir plassert på rentebærande konto slik at midlane er disponible til eikvar tid.

Renter og avdrag på eventuelle lån blir tilbakeført til fondet.

§ 7 Arsmelding.

Det skal leggjast fram ei melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år. Kopi av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8 Godkjenning av vedtekter.

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Kommunestyret kan gje nærmare retningslinjer for bruken av næringsfondet.

UTFYLLANDE RETNINGSLINER TIL VEDTEKTER FOR BRUK AV NÆRINGSFONDET 1 KVITSEID KOMMUNE

§1.1 BRUKEN AV FONDET ER DELT I FIRE ELEMENT:

- a) Til faste definerte foremal over fleire ar. Opphoyr av foremalet skal varslast i økonomiplanen.
- b) Leos- og driftsmidlar til å styrke kommunen sitt eige næringsarbeid.
- e) Det vert kvart ar prioritert midlar til: Etablering av ny verksemd samt vidareutvikling og/eller omstilling av eksisterande verksemd samt tiltak i samsvar med Strategisk næringsplan (SNP) og andre kommunale planar.
- d) Avgrensa einskildebepel til tiltak etter soknad (handslag pa inntil kr. 5.000,-).

§1.2 GRUNNKAPITAL

Næringsfondets grunnkapital kan innga som likviditet i kommunens drift.

Loyvingar fra fondet kan bli forskotert fra grunnkapitalen.

Kommunekassa betalar rente til næringsfondet for kommunens lan av grunnkapitalen til drift.

Rentesatsen er gjennomsnittleg NIBOR-rente 3 mnd +0,2%.

§2 VILKAR KNYTT TIL STONAD

Sarnia finansiering fra fondet kan normalt ikkje ga over 50% av den totale kapitaltrongen for prosjektet.

"Handslog" kan ga til alle foretak i samband med nyetablering samt tilnæringsrelaterede prosjekt (Sja ogsa §1.1d og §3 kontroll)

§3 KONTROLL

Kontroll med at dei foresetnadene som tilskotet er gjeve under vert haldne, kan gjerast pa eitt eller fleire av fylgjande vis, der utbetaling tidlegast fine stad etter at kontrollpunkta er skriftleg godkjent av sokjaren:

- a) Ingen kontroll. (Trequ ikkje godkjenning)
- b) Tilsegn om tilskot med utbetaling 3 kalendermanader etter at tilskotsobjektet er teke i bruk. Varsling om bruken ligg til mottakaren av tilskotet.
- c) Kommunal sakshandsamar synfarer tilskotsobjektet og ser at tiltaket er tilfredsstillande gjort.
- d) Etter rekneskapskontroll.
- e) Dersom det seinare syner seg at foresetnadene for tilskotet ikkje er fylgd opp eller at dei opplysningane som sr knaden bygde pa ikkje stemte med dei faktiske tilhova, kan kommunen krevje attendebetalt heile eller delar av tilskotet.

Sakshandsamaren skal i vedtak om tilskot alltid peike pa den kontrollmaten som skal gjelde i det einskilde hovet.

§4 IMAGE

Klage vert stila til Kviteseid kommune, næringsfondet, 3850 Kviteseid.

For administrativ avgjerd er fondsstyret klageinstans. For saker avgjort av fondsstyret, er kommunestyret klageinstans.

§5 DELEGASJON

§5.1 Radmannen far rett til å avgjere alle saker inntil kr. 5.000,-.

§5.2 Fondsstyret avgjer alle saker med stonadsbelop inntil kr. 100.000.

§5.3 Kommunestyret avgjer alle saker med stonadsbelop over 100.000 etter tilrading fra fondsstyret.

§5.4 Radmannen far fullmakt til å aysla alle typar soknader. Avslag skal begrunnast.

§6 RAPPORTERING

Det skal jamleg rapporterast til fondsstyret om den administrative bruken av fondet og om status nar det gjeld naringsfondet.

Rapport om bruk av nxringsfondet skal kvart ar innga i kommunens arsmelding.

§7 ENDRING AV RETNINGSLINER

Retningslinene kan berre bli endra etter vedtak i kommunestyret.

§8 RETNINGSLINENE VERT EVALUERA INNAN UTGANGEN AV

KVAR KOMMUNESTYREPERIODE.